

KOPI

Lars Tyssebotn
Bernesvika 65
5283 FOTLANDSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/553 - 23/16422

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
10.07.2023

Landbruksveg Gbnr 107/2 og 3 - Tyssebotn -vedtak

Administrativt vedtak:

Saknr: 198/23

Vedtak:

«Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar godkjenner Osterøy kommune bygging av landbruksveg i Tyssebotn som landbruksveg klasse 8, på sør-sida av Nedra Botnavatnet.

-Det vert gjeve løyve til fråvik av vegklasse 8, vegen er primært veg for geitebesetning frå støl til beiteområde og skal ikkje nyttast som køyreveg utanom ved vedlikehald..

- Bygging av vegen skal skje skånsamt med tanke på kulturminne, natur og miljøverdiar i området.

-Før bygging tar til skal det utarbeidast ei geoteknikks vurdering av anleggsarbeidet i høve til grunnforhold og rasfare samt plan for gjennomføring, jf. § 3.3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

- Dersom det under arbeidet med bygging av vegen kjem fram funn som kan vere av interesse for kulturminne myndighetene skal alt arbeid stansast inntil rett forvaltningsmynde har vurdert nærmare funnet. (jf. Kulturminnelova §8. 2.ledd.) -

- Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 7-12. Her er ikkje funne dokumenterte trua eller sårbare artar.

- Tiltakshavar og utførande har ansvar for å hindre spreiding av svartelista artar, syner her til forskrift om framande organismar §18.

- Det skal nyttast reine massar av stein og pukk.
- Arbeid med framføring av vegen skal gjerast i samsvar med revidert utgåve av normalar for bygging av landbruksvegar utgitt av landbruksdepartementet i 1997 gjeldande frå 1. juni 2013.
- Vegskrånningar skal stellast til og sprengstein og anna stein skal ikkje ligge att i terrenget utanfor vegtraseen slik at den skapar ny rasfare.
- Osterøy kommune skal ha melding når arbeidet er ferdig. Godkjenninga gjeld for 3 år frå vedtak.
- Tiltaket skal skiltast i begge endar og det skal opplysast om rasfare for gåande ved ferdsle.
- Vedtaket er gjort i medhald av Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.»

Saksutgreiing:

Fakta:

Osterøy kommune har motteke søknad om bygging av landbruksveg frå Johannes Tyssebotn. Lengde på om søkt veg er 855 meter og skal nyttas som buføreveg for mjølkegeiter frå støl til beiteområde. Areal i Tyssebotn gnr 107 har vore gjennom eit jordskifte, med dom i tingretten. Her fekk mellom anna gbnr 107/2 og 3 stølsrett og beiterett gjennom ei bruksordning på denne delen av eigedomen 107/6, som er eit sameige mellom gbnr 107/1 samt 2 og 3. Kommunen har tidlegare handsama støl for gbnr 107/1 på slikt heimelsgrunnlag (sameige) og finn derfor at heimelstilhøvet er til stades for gbnr 107/2 og 3 gjennom sameige i 107/6. Kva rettar utanom beiting dei ulike eigedomane måtte ha i sameiget finn ikkje kommunen relevant for saka.

Tiltaket ligg i rasfarleg terreng, kommunen set difor restriksjonar for bruk av vegen med køyretøy. Geiter vil uansett ferdast i dette terrenget ved beiting, desse fell ikkje inn under sikkerheits-klasser for naturfare.

Høyring:


Søknaden er sendt på høyringsuttale til statsforvaltar Vestland og Vestland fylkeskommune samt NVE med høyringsfrist 24.06.2019.

Vi har motteke svar frå Vestland fylkeskommune, dei har ikkje merknad.

NVE skriv i sin uttale at dei ikkje utfører risiko eller skredfarevurdering for slike tiltak, det er tiltakshavar sitt ansvar å syte for tilstrekkeleg fagkunnig involvering i planlegging og utføringsfasen.

Tiltak:

Dekningsområdet for vegen er i søknaden fjellbeite for geit.
Utklipp sit.plan.



Utsnitt topokart:



Ortofoto: 2020



Vurdering.

Føremålet med forskrifta om bygging og planlegging av landbruksvegar til er å sikre at planlegging og bygging skjer på ein slik måte at ein oppnår landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal leggjast vekt på omsyn til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsyn til flaum fare, erosjon og lausmasseskred og eventuelt andre omsyn knytt til vegframføringa.

Ortofoto 2006, ikkje «ferske» steinsprang.



Ortofoto 2011, synleg steinsprang



Landbruksfaglege heilskapsløyssingar.

Planlagt veg landbruksveg klasse 8. gjennom rasfarleg terreng. Den vert bygd for at mjølke-geit skal kome til beiteområda utan å måtte klatre gjennom urda, med dei skader dette kan medføre på jur og føter.

Vurdering av naturmangfaldslova §§ 7-12.

Naturmangfaldslova §7 pålegg forvaltninga å legge til grunn prinsippa i §§8 -12 eksisterande kunnskap om landskap, økosystem, naturtypar og artar når det vert gjort vedtak som påverkar naturmangfaldet.

Det er i denne saka søkt i naturbasen og skog og landskap sine kart grunnlag. Det er ikkje miljøregistreringar i skog der registrerte MIS-figur kjem i konflikt med vegframføringa. Kommunen har etter søk i naturbasen ikkje funne registrerte truga artar eller naturtypar i området.

Vegbygging vil som oftast ha uheldige konsekvensar for naturmangfaldet og naturmiljø. Då vegen går gjennom ura vil bygginga i denne saka ha liten påverknad på naturmiljøet. Her er ikkje synlege bekkeløp i ura, vert slike avdekka ved anleggsarbeidet må desse leggjast i røyr gjennom vegen.

Kulturminne:

Hordaland Fylkeskommune har ikkje konkrete merknader til saka. Her er ikkje kjende kulturminne.

Nabovarsel:

Det er kome inn nabomerknad frå Lars Tyssebotn og Guro Gjerstad Tyssebotn, eigarar av gnr 107/1:

Sak nr 23/553-23/8674

Angående Høyring bygging av veg ved Johannes Tyssebotn gjennom ura ved Nedra Botnavatnet, gnr107.

Som medeiere og flertall i sameiet, gnr 107 på Osterøy avviser vi søknaden om å bygge veg gjennom ura langs Nedra Botnavatn.

Gro Tyssebotn Gjerstad og Lars Tyssebotn, flertallet, eier 2/3 av eiendommen, gnr107 bnr1. Johannes Tyssebotn eier 1/3 av eiendommen gnr 107 bnr2,3.

Gnr 107 bnr6 er felles utmark. Det er kun beiterettene som er fordelt etter jordskifteavgjørelse (saksnr 20-070105AJA-ELAG) som en bruksordning.

Gnr 107 bnr1 har rett til å slippe 33 sau i dette området som JT søker å bygge veg i. JT har rett til å slippe 76 geit og kje i samme området.

Vi gjør ellers oppmerksom på at det ikke er gnr100 bnr 1 som har fått tildelt noen beiterett i området, men eiere av gnr 107.

I svar til kommunen fra JT av 29.03.23 er det mange feil, bla i pkt 5 der det henvises til rettsprotokoll på feil grunnlag. Alle i sameiet har rettigheter i området.

Vi må ellers gjøre oppmerksom på at JT gjentatte ganger, bla ved befaring med Eidsivating Jordskifterett hevdet at det aldri var noe problem å gå gjennom ura hverken for folk eller geiter.

Det er så rasfarlig i denne ura at det ikke bør tilrettelegges for noen veg.

*Med hilsen
Gro Gjerstad Tyssebotn
Lars Tyssebotn*

Søkjær sitt svar:

*Innspel til deres referanse : 23/12634 107/2 og 3 -
Høyringssvar veg*

Vi takker for oversendte innspill og har lyst til å komme med følgende merknader til disse:

Vi ser ikke grunn til å kommentere uttaler fra Vestland fylkeskommune eller NVE, men vi vil bemerke noen elementer i høringsuttale fra Lars Tyssebotn og Gro Gjerstad.

1: Tyssebotn og Gjerstad fremsetter i andre avsnitt et utsagn om at de eier 2/3 av eiendommen 107/1 og at Johannes Tyssebotn eier 1/3 av eiendommen 107/2,3. Her må vi påpeke at det riktige etter matrikkelen er at Johannes Tyssebotn eier GNR 107 BNR2,3 1/1. For GNR 107/1 er det riktige etter matrikkelen at Lars Tyssebotn og Gro Gjerstad eier en ideel ½ part hver.

Videre dras det inn en del momenter som vi anser for å være av privatrettslig karakter, og ikke noe som kommunen skal ta stilling til i sin saksbehandling. Vi må likevel kommentere noen punkter:

I avsnitt 3 påpekes det fra LT og GG at utmarken er felles og at det er kun beiterettene som er fordelt. Vi minner om at det i lagmannsrettens slutning i punkt 1 er fastsatt følgende: «Beiteordning for GNR 107 bnr 1,2 og 3 fastsettes slik det går frem av bruksordningsreglene ovenfor». Bruksordning i forbindelse med jordskifte er et juridisk begrep som er fastsatt med hjemmel i jordskifteloven §8-3. I den aktuelle saken er utmarka delt etter 2/3 og 1/3 basert på brukenes skyld. Derfor har LT og GG fått hånd om 2/3 av beiteressursene og undertegnede 1/3. Det er fastsatt regler for hvor de ulike flokkene skal beite, og hvor det skal være gjerde. Se vedlegg side 12 og 13.

Videre henvises det til at 107/1 «har rett til å slippe 33 sau i dette området som JT søker å bygge vei i.» Tar med sitat fra vedlegg nederst side 12 bruksordningsregler punkt 4 siste ledd: «Eier av GNR 107bnr1 kan i tillegg slippe inntil 33 sau, inklusive lam, sør for delelinjen». Tar også med begrunnelsen for dette punktet fra lagmannsrettens vurdering, fra vedlegg side 11, avsnitt 3: «Dette også for at Lars Tyssebotn skal kunne utnytte sitt tildelte beiteområde øst for Øvrebotnen, som etter det lagmannsretten har forstått, i realiteten har sin tilkomst fra sør.» Slik topografien er, vil LT og GG måtte føre sauene sine gjennom spesifisert vei (bruksordningsreglene) for å kunne føre disse til beitet øst for Øvrebotn.

Vi ser ikke at tilkomst eller beiting i Øvrebotn vil kunne bli påvirket i noen som helst grad eller bli forstyrret av at det kommer en enkel vei inn i området. Tvert imot vil det virke positivt på alle måter. Det nevnes for øvrig at geiteflokkene er separert med eksisterende gjerder og ikke vil bli påvirket eller kunne blandes som følge av tiltaket.

Videre anfører GG og LT at alle i sameiet har samme rettigheter i området. Basert på faktum at det er gjort vedtak om bruksordning stiller vi oss litt undrende til det. Det foreligger imidlertid tvil om hvorvidt bruksnummer 1 har bruksrett til det arealet som vil være berørt. Eventuell vurdering av dette temaet vil da i så fall kreve fremlagt dokumentasjon fra LT og GG på at så er tilfelle.

Påstand i avnsitt 7 er fremsatt udokumentert og bør sees vekk fra. Det bør være tilstrekkelig å påpeke at man neppe tar kostnaden med å fremføre vei dersom det ikke er vurdert som nødvendig. Når det gjelder påstand 8 om rasfare i ura har vi stor tillit til at kommunen basert på NVE sin uttale vil gjøre sine betraktninger på en faglig og god måte. Det vises i så måte til NVE sin uttale i saken.

De fleste av punktene som Lars Tyssebotn og Gro Gjerstad har anført er etter vårt syn av privatrettslig karakter, og det vil være naturlig at de tar saken opp for ny rettslig behandling dersom de har en annen vurdering enn det som vi legger til grunn. Vi synes det er ugreit og beklagelig at det blir dradd frem slike elementer i en hver sak vi har til behandling i Osterøy kommune.

Vi minner også om at vi har fått oppført vår støl nå, og denne er godkjent av Osterøy kommune. Omsøkte tiltak er av vesentlig betydning for driften av stølen, dyrevelferd og en fornuftig utnytting av beiteressursene.

Vi håper på snarlig og positiv behandling av saken.

*Med vennlig hilsen
Johannes Tyssebotn.*

Konklusjon:

Denne saka gjeld buføreveg for geit til utmarksbeite, kommunen hadde ein diskusjon med tiltakshavar om dette tiltaket hadde krav om søknad. Kommunen kom til at tiltaket trong handsaming ut i frå storleiken på inngrepet, og at dette kunne handsamast som landbruksveg med vilkår.

Her er ut frå nabomerknader og tilsvar ikkje semje om partstilhøve, og kva bruk av areala som krev fleirtal i sameige. Dette sjølv om her har vore lengre handsaming av desse spørsmåla ved domstolane. Kommunen går ikkje inn og tolkar domstolane sitt arbeide og dei privatrettslege spørsmålet, men legg til grunn at det klart går fram at søkjar er heimelshavar i sameiget.

Vidare legg kommunen til grunn ordlyden i lov om sameige § 3:

Kvar av sameigarane har rett til å nytta sameigetingen til det han er etla eller vanleg brukt til, og til anna som høver med tida og tilhøva.

Ingen må nytta tingen i større mon enn det som svarar til hans part, eller såleis at det uturvande eller urimeleg er til meins for nokon medeigar.

Kommunen legg for sakshandsaminga av søknaden til grunn at tiltaket fell inn under omgrepet «sameigetingen til det han er etla til --- som høver til tida og tilhøva». Kommunen sitt løyve inneber ikkje avgjerd av privatrettslege tilhøve, og inneber berre at det er gitt eit offentlegrettsleg løyve til tiltaket.

Osterøy kommune godkjenner søknad om ombygging av 850 meter landbruksveg til klasse 8 på landbrukseigedomen gnr. 107/6 som om søkt på gjevne vilkår. Vilkåra avgrensar bruken til buføreveg, tydeleg merking med opplysning om rasfare.

Klage.

Vedtaket er gjort i medhald av Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar. Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jf. forvaltningslova §29. Eventuell klage skal stilast til statsforvaltar i Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagefristen er 3 veker frå du er gjort kjend med vedtaket.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Sture Helle
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Guro Gjerstad
Lars Tyssebotn

Bernesvika 65

5283

FOTLANDSVÅG

Mottakarar:

Tyssebotn Johannes M

5283

Fotlandsvåg